



Vang kommune

Hovudutval for utvikling

Møteprotokoll

Møtedato: 20.01.2026
Møtetid: Kl. 09:00 – 12:00
Møtestad: Skudshorn

Frammøte	Parti
Lars Østbye Hemsing	AP
Stine Solemsli	AP
Vegard Eltun	AP
Elisabeth Hålien	BIV
Tom Kjetil Tørstad	BIV
Camilla Bjone Hålien	SP
Jørgen Andrisson Kvam	SP

Møtenotater:

Orientering:

- Drøfte prosess utgreiing HUU.
- Oppstart av arbeid med gjennomgang av eldre arealplanar.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av møteprotokoll
002/26	Møteplan for hovudutval for utvikling 2026
003/26	Gnr. 36 bnr. 1 - Søknad om konsesjon
004/26	Samlesak for delegerte saker
005/26	Samlesak for referatsaker
006/26	Spørjetime/dagsorden

001/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

20.01.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Samrøystes.

HU - 001/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

002/26 Møteplan for hovudutval for utvikling 2026

Framlegg til vedtak:

Hovudutval for utvikling vedtek møteplan for 2026 slik den er lagt fram.

20.01.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Samrøystes.

HU - 002/26 Vedtak:

Hovudutval for utvikling vedtek møteplan for 2026 slik den er lagt fram.

Møtedag tysdagar kl. 09:00

- 20. januar
- 10. mars
- 28. april
- 9. juni
- 8. september
- 10. november

I tillegg kan det bli kalla inn til ekstra møter og synfaringar.

003/26 Gnr. 36 bnr. 1 - Søknad om konsesjon

Framlegg til vedtak:

Vang kommune gjev med medhald i konsesjonslova §§1 og 9, Eli Belsheim og Eivind Magnus Ellingbø konsesjon på erverv av eigedomen Midtre Thune, gnr. 36 bnr. 1 i Vang kommune på fylgjande vilkår:

1. Det vert sett varig upersonleg buplikt fram til ein eventuell ny overdraging av eigedomen. Det vil sei at nokon må bu der, enten det er eigar sjølv eller at det blir langtidsutleigd.
2. Eigarene må ta del i dei pliktene som kviler på eigedomen. Driveplikta må oppfyllast i hht. Lov om jord av 12.mai 1995 nr. 23 dvs. at enten må eigaren driva den dyrka jorda sjølv eller leiga den bort.

Vedtaket er eit enkeltvetak og kan klagast på.

Klage må leverast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter vedtaket er gjort kjent.

20.01.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Jørgen Andrisson Kvam spurte om å få behandla sin habilitet då han er medeigar i samdrifta Ellingbø og Thune.

HUU vedtek at Jørgen Andrisson Kvam er inhabil, samrøystes. Ingen vara.

Framlegg til vedtak samrøyses vedteke.

HU - 003/26 Vedtak:

Vang kommune gjev med medhald i konsesjonslova §§1 og 9, Eli Belsheim og Eivind Magnus Ellingbø konsesjon på erverv av eigedomen Midtre Thune, gnr. 36 bnr. 1 i Vang kommune på fylgjande vilkår:

1. Det vert sett varig upersonleg buplikt fram til ein eventuell ny overdraging av eigedomen.
Det vil sei at nokon må bu der, enten det er eigar sjølv eller at det blir langtidsutleigd.
2. Eigarene må ta del i dei pliktene som kviler på eigedomen. Driveplikta må oppfyllest i hht. Lov om jord av 12.mai 1995 nr. 23 dvs. at enten må eigaren driva den dyrka jorda sjølv eller leiga den bort.

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på.

Klage må leverast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter vedtaket er gjort kjent.

004/26 Samlesak for delegerte saker

Delegerte saker blir tatt til orientering

20.01.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Samrøystes.

HU - 004/26 Vedtak:

Delegerte saker blir tatt til orientering

005/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

20.01.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Samrøystes.

HU - 005/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering

006/26 Spørjetime/dagsorden

20.01.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Vegard Eltun: Det står eit brent hus på Bøaflata - kor lang tid tar det før det blir rydda?

Svar frå administrasjon: Administrasjonen er i prosess for å følge opp at tomte blir rydda. Kommunen har heimel til å krevje rydding både etter plan- og bygningslova og forureiningslova.

Vegard Eltun: Børrenøse - kva er status her?

Svar frå administrasjon: Førebur svar til neste møte.

Tom Kjetil Tørstad: Ynskjer arbeidsverkstad om omsetting av gardar og konsesjonsbehandling.

Spesielt det med upersonleg buplikt på omsetting av gardar til nabobruk. Frådeling og konsesjon - sjå det i samanheng.

Jørgen Kvam: Ynskjer at me hentar informasjon frå andre kommuner i arbeidsverkstad om omsetting av gardar, t.d i saker der ein deler frå og legg til tilleggsjord til gardar i drift for å få større einingar.

Svar frå administrasjon: Administrasjonen førebur dette som eit arbeidsverkstad i samband med eit kommunestyremøte.

Tom Kjetil Tørstad: Viser til synfaring i Vang sentrum og spørsmål om Sentralen. Kva er status her, ynskjer informasjon om framdrift?

Svar frå administrasjon: Førebur svar til neste møte.